

Fra: Tore Slønning (Tore.Slonning@hfk.no)

Sendt: 03.02.2017 20:23:33

Til: 'turid.graberg@multiconsult.no'

Kopi:

Emne: Fv 28 Skånevik-Flesjo

Vedlegg: image001.png

Varsel om oppstart av planarbeid - Fv 28 Skånevik-Flesjo - Etne kommune - Varsel om kulturhistorisk synfaring

Viser til Dykker e-post datert 12.12.2016 med varsel om oppstart av planarbeid i ovanfor nemnde sak. Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap. Planen kan ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

I våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne innafor planområdet, men langs traseen ligg det fleire SEFRAK-registrerte tun, og ruinar og konstruksjonar knytt til det gamle kulturlandskapet. Vi ser at kartmaterial og arkiv ikkje gir tilstrekkeleg oversikt over kulturminneverdiane i området, og må difor gjennomføre ei synfaring langs traseen før vi kan gje fråsegn til planen. Ved synfaringa må ein også vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med arkeologisk registrering i einskilde områder for å få oppfylt undersøkingsplikta (jf. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9). Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Venleg helsing

Tore Slønning

spesialrådgiver?arkeolog

Fylkeskonservatoren



Agnes Mowinckels gt. 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen

55 23 95 69 | www.hordaland.no